

Forskrift om ordensreglement for skulane i Samnanger



Gjeldande fra 01.01.2022

Vedteke i Samnanger kommunestyre i sak 117/2021 den 02.12.2021

Rapport tittel: Forskrift om ordensreglement for skulane i Samnanger
Skrive av: Sektorleiar oppvekst Bodil Helliesen Øpstebø
Oppdragsgjevar/oppdraget gjeve: Samnanger kommune
Heimla i Lov: Opplæringslova § 9A -10
Arbeidet utført: 23. november 2021
Dato for godkjenning: Vedtak i Kommunestyret 02.12.2021. Sak 117/2021
Oppdragsleiar/kvalitetskontroll:
Fag/tema: Oppvekst – Skule - Læringsmiljø
Arkivreferanse/saksnummer: Arkivsak 21/841, journalpost Id 22/325

Innleiing

§ 1 Heimel

Opplæringslova § 9 A-10 Ordensreglement m.m

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregående skole. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast. Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklareseg munnleg for den som skal ta avgjerd.

§ 2 Føremål

Grunnskulen i Samnanger har som visjon: ein god stad å vera og ein god stad å læra.

Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som skal fremja helse, trivnad og læring. Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå ei slik målsetting, og skal klargjera elevane sine rettar og plikter. Vidare skal det visa kva for konsekvensar regelbrot medfører og kva for prosedyrar som vert følgt når slike saker skal handsamast.

§ 3 Verkeområde

Ordensreglementet omfattar grunnskulen i Samnanger, og gjeld når skulen har ansvar for elevane, også når dei er i skulefritidsordninga (SFO). Ordensreglementet gjeld også på skuleveg så langt den einskilde skulen er gjort kjent med ureglementerte tilhøve.

Skulen har ansvar for elevane på skulen sitt område og når dei har opplæring andre stader enn på skulen sitt område, som arrangement, leirskule, ekskursjonar m.m.

Barneskulen og ungdomsskulen sitt ordensreglement skal samsvara med forskrifter, og kan ha utfyllande reglar tilpassa skulen sitt behov både for reglar og for konsekvensar / sanksjonar, avhengig av elevane sin alder og forståing.

Ordensreglementet skal gjennomgåast kvart år ved skulestart for elevar, tilsette og føresette.

§ 4 Ansvar

Generelt: Både elevar, tilsette og foreldre har ansvar for å skapa eit godt skolemiljø. Det viktigaste er at alle bryr seg om kvarandre, oppfører seg fint mot kvarandre, omtaler kvarandre med respekt og tar avstand frå mobbing, diskriminering , vold og hærverk.

Opplysningsplikt: Rektorane har saman med kontaktlærarane ansvar for at ordensreglane vert gjort kjent for elevar og foreldre kvart år ved skulestart. Ordensreglementet skal takast opp som tema i klassane kvart år innan utgangen av august og på første foreldremøte kvar haust.

Handlingsplikt: Dei tilsette si handlingsplikt følgjer av opplæringslova

§ 9A-4, 1. og 2. ledd;

Alle som arbeider på skolen, skal følge med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

§ 5 Eleven sine generelle rettar og plikter

Eleven har rett til:

- eit skolemiljø som gjev tryggleik og sosial tilhørigkeit
- å bli hørt i saker som gjeld eige forhold til skulen å få forklara seg før det vert teke avgjerd om sanksjonar

Eleven har plikt til:

- å følgja allment aksepterte normer for oppførsel og folkeskikk
- å følgja ordensreglementet
- å retta deg etter pålegg frå rektor, lærarar eller andre som arbeider ved skulen

§ 6 Elevar og foreldre sin rett til å be om tiltak

Opplæringslova § 9A-4, 3.- 4. ledd gir alle elevar og foreldre rett til å be skulen setja i verk tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet:

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøke saka.

Når ein elev serer at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vera skriftlege, sjølv om dette er tilrådd av omsyn til å kunne etterprøva. Alle tilsette må vera merksame på at oppmodingar om tiltak også kan komma som e-post/digital melding til den enkelte tilsette eller skulen si e-post-adresse eller munnleg under samtale med elev eller foreldre.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak, og dokumentere kva blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Saka skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

6-1 Elevar og foreldre sin rett til å melda saka til statsforvaltaren

Dersom ein elev eller føresett meiner at skulen ikkje handterer saka godt nok, kan dei melda saka til statsforvaltaren.

Opplæringslova §9 A-6

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til statsforvaltaren etter at saka er teken opp med rektor.

§ 7 Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd

Alle elevar har rett til vurdering. Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er gitt i forskrift til opplæringslova § 3-4:

Formålet med vurdering i orden og i åtferd er å fremje sosial læring, bidra til eit trygt og godt skolemiljø og gi informasjon om orden og åtferd.

Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er ordensreglementet til skolen, jf. opplæringslova § 9A-10. Elevane skal vere kjende med skolen sitt ordensreglement.

Orden heng saman med om eleven er punktleg, førebudd og følgjer opp arbeid.

Åtferd heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Kompetanse i fag skal ikkje trekkjast inn i vurderinga i orden eller i åtferd. Det skal tas omsyn til føresetnadene til eleven i vurderinga.

Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særlig klanderverdig eller grov.

I Ordensreglar

§ 8 Reglar for orden og åtferd i grunnskulen i Samnanger

Ordensreglar vert utarbeida på kvar skule leia av rektor i samarbeid med elevar, tilsette og foreldremedverknad. Dei skal godkjennast i samarbeidsutvalet/skolemiljøutvalet på første møte kvar haust.

8-1 Reglar knytte til orden

Det vert forventa av elevane at dei skal følgja vanlege reglar i samfunnet:

- Visa omsyn og respekt for andre og andre sine eidedelar
- Retta seg etter instruksjonar frå vaksne
- Oppstre slik at ingen kjenner seg utsett for mobbing, rasistiske handlingar / ytringar eller seksuell trakkassering
- Møta presis til timar og avtaler
- Gjera skulearbeid til avtalt tid og ha med bøker og utstyr
- Halda skulen sitt område reint og ryddig
- Ta godt vare på alt som tilhøyrar skulen, både ute og inne, og ta godt vare på skulebøker og anna undervisingsmateriell
- Ta godt vare på personlege eidedelar. Unngå å ta med verdisaker på skulen.

8-2 Reglar knytte til åtferd

Det vert forventa av elevane at dei opptrer høfleg og viser respekt for alle ved skulen.

- Tilsette og elevar helser på kvarandre
- Visa respekt for undervisinga og halda arbeidsro i timane
- Ingen skal banna og brukka ufint språk
- Ingen skal mobba, plaga, slå eller sjikanera andre
- Bruk av skulen sine datamaskiner er i samsvar med reglement og kontrakt.
- Ingen skal ha med farlege gjenstandar
- Ingen skal ha med eller brukka tobakk, snus og andre rusmiddel
- Ingen skal forlata skuleområdet utan løyve

§ 9 Nettvett og bruk av mobiltelefon, iPad m.m.

Filming og fotografering av medelevar og/eller tilsette skal bare gjerast med deira godkjenning. Rektor ved den einskilde skulen vedtek nærmere reglar for bruk av mobiltelefon og kamera i skuletida i samråd med samarbeidsutvalet ved skulen. Rektor vedtek også sanksjonar ved brot på desse lokale reglane i skulen.

Skulen sin internett - tilgang skal berre brukast i undervising. Rektor ved den einskilde skulen utarbeider nettvettreglar i samråd med samarbeidsutvalet og i samarbeid med elevrådet.

Ordensreglane ved skulane skal innehalda retningsliner for bruk av mobiltelefon og samanliknbare teknologiske kommunikasjonsmiddel/sosiale media. .
. Skulen må passa på at dei føresette sender tilbake godkjenning av eventuelt tillating av publisering/offentleggjering av namn og bilet av elevane.

II Konsekvensar / tiltak ved brot på ordensreglane

§ 10 Generelt om bruk av tiltak

Brot på ordensreglementet kan følgjast opp på ulike måtar, dels vurdert etter kor alvorleg regelbrotet er, dels etter kor ofte dette regelbrotet har skjedd og dels etter eleven sine føresetnader.

- Munnleg irettesetjing / samtale med eleven
- Munnleg melding /samttale med foreldre / føresette
- Skriftleg melding til foreldre / føresette
- Fjerna eleven frå situasjonen, men oppretthalda kontakten med eleven
- Inntra gjenstandar som blir brukt på farleg eller provoserande måte
- Tap av godar
- Erstattar dersom noko er øydelagt - tap av skulebøker, skade på inventar, bygning eller utstyr
- Be foreldre koma og henta eleven
- Bortvising: inntil 3 dagar for trinn 8 – 10, og for resten av skuledagen for trinn 1-7.

Fysisk refsing og annan krenkande handsaming av eleven må ikkje brukast.

Eleven skal kunna vera med på å rydda og reparere ting som er øydelagd. Kollektiv straff av grupper for handlingar som einskilde elevar har utøvd, skal ikkje skje. Alle tiltak som kan vera relevante ved brot på ordensreglane, skal vera konkretiserte i ordensreglane for kvar skule.

§ 11 Bortvising

Avgjersle om bortvising er heimla i Opplæringslova § 9 A-11

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskoleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar

på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar i vidaregåande skole kan visast bort frå undervisninga i opp til fem dagar dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Det kan like eins fastsetjast at elevar kan visast bort for resten av skoleåret dersom brota er særleg alvorlege.

Rektor kan vedta bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven.

Fylkeskommunen kan vedta at ein elev i vidaregåande skole skal visast bort for resten av skoleåret. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gi lærarar høve til å vise bort elevar frå si eiga undervisning for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar.

Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen.

I Samnanger kommune er det rektor som skal ta avgjerd om bortvising.

III Sakshandsamingsreglar ved sanksjonar

§ 12. Krav til skriftleg notat

Brot på ordensreglementet skal handsamast etter reglane i opplæringslova §§9 A-10-12 og sakshandsamingsreglane i Forvaltningslova under kap. III §§11 og 11-A Dersom eit av tiltaka i opplæringslova §§ 9 A-10-12 vert sett i verk mot ein elev, må skulen laga eit skriftlig notat som dokumentasjon. Det må framkomme kva for ein elev tiltaket er retta mot, kva for eit tiltak som er sett i verk, kva for ein ordensregel som er broten, tidspunktet for regelbrotet og tidspunktet for gjennomføring av tiltaket, korleis eleven har forklart seg, og kva eleven sine foreldre og/ eller andre har uttalt. Notatet skal underteknast av den som har vedtatt tiltaket og arkiverast. Eleven og/ eller eleven sine foreldre skal ha ein kopi eller bli gjort kjent med retten til dokumentinnsyn.

§ 13. Eleven sin rett til å forklara seg

Før det kan takast avgjerd om å bruka eit av tiltaka i opplæringslova §§ 9 A-10-12, skal eleven få høve til å forklara seg for kontaktlærer, rektor eller den rektor gjev mynde

- jf. opplæringslova § 9 A-10, 3. ledd: *Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.*

For at saka skal vera så godt opplyst som mulig - jf. forvaltningsloven § 17, 1. ledd - må det vurderast å innhente opplysningar frå andre enn eleven sjølv, for eksempel frå elevar og tilsette som var vitne til ordensbrotet, og frå dei lærarane som kjenner eleven best - særlig eleven sin kontaktlærar.

IV Iverksetting

Denne forskrifta vart handsama i kommunestyret 02.12.2021 og gjeld frå 01.01.2022.

Forskrifta vert revidert etter behov.